Forslag til møtereglement

1. Lokallagsleiar opnar møtet og leiar møtet inntil møteleiar er vald.

2. Årsmøtedeltakarar som ønsker ordet, viser det til møteleiinga. Ønsker ein ordet til dagsorden, saksopplysning eller replikk, blir dette vist særskilt. Saksinnleiarar og styremedlem kan få ordet utanom talelista for å svara på spørsmål eller gje saksopplysningar.

3. Forslag til årsmøtesaker skal leverast skriftleg og underteiknast med namn. Alle forslag skal vera referert før strek blir sett. Nye forslag kan ikkje fremjast i ei sak etter at det er gjort vedtak om at strek er sett. Forslag kan då heller ikkje bli trekte tilbake.

4. Alle forslag som er fremma av styret eller forslag som er sendt inn frå klubbar til årsmøtet innan fristen, kan bli vedteke med simpelt fleirtal. Nye saker krev kvalifisert (2/3) fleirtal. Årsmøtet må også med 2/3 fleirtal vedta at saker utanom sakslista skal behandlast.

Møtet avgjer voteringsmåten.